

Gutane på Stølen treng verje.

10.08.2016



Vigdis Gammelsæther håpar på god interesse for å vera verje

Gutane som no er komne til Stølen, og dei som etterkvart kjem, er mellom 13 og 15 år. Gutane har fått opphaldsløyve, og dei skal bu i Kvinnherad, i alle høve til dei er 18 år, forhåpentlegvis lenger. Som mindreårige treng dei verje, og fagkoordinator Vigdis Gammelsæther kom med oppfordring om at folk melder seg som verje på informasjonsmøtet i Aktivitetshuset på forsommaren.

Verjene tar seg av ein del formelle ting som foreldre tar seg av normalt. Dei skal passa på rettar og plikter i ulike samanhengar som kontakt med skulen, hjelpe til med å skaffa bankkort og andre praktiske saker. Dei skal vera til støtte i samanhengar der det trengst.

Det er sikkert ein del som lurer på pliktene til verja, og då er dei hjarteleg velkomne til å ta kontakt med Vigdis Gammelsæther eller andre tilsette ved bufellesskapet på Stølen. Dei er svært interessert i at gutane får lokale verje då det er den absolutt beste løysinga for dei. Om det ikkje melder seg lokale verje, kan det fort verta ein advokat i Bergen som får oppgåva. Det seier seg sjølv at det er ei betre løysing med ein lokal person.

Dette er ei gjevande og viktig oppgåve, og eg oppfordrar alle som kan tenkja seg å hjelpe gutane, om å ta kontakt med dei tilsette for å undersøkja meir om ordninga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen